



MØTEBOK

Møte: 1-2020
Møtedato: Onsdag 15.01.2020
Møtestad: Viefluno, Rådhuset
Tid: 19.30

Desse møtte:

John Olav Habbestad, Kjersti Mæland, Heidi Vold Ådnanes, Elisabeth Bjørnevik, Odd Ingvar Nilssen, Trygve Totland, Elin Taranger, Camilla Rubach, Asbjørn Gundersen, Hans Otto Robberstad og Trygve Leigland.

John Olav Habbestad leia møtet. Elisabeth hadde ord for kvelden.

Innkalling og saksliste vart godkjend.

2020-01-01 GODKJENNING AV MØTEBOK
Møtebok godkjent.

2020-01-02 MELDINGAR OG SKRIV

1. Møteplan våren 2020
 - a. Endring på dato 8. april er i påskeveka. Forslag om 1. april.
2. Oppdatering om stabssituasjonen.
 - a. Kyrkjelydspedagog ut i fødselspermisjon frå byrjinga av mars. Vert tilsett vikar frå hausten av.
3. Orientering ang. prosessen med oppussing av Bømlo kyrkje
 - a. Odd Ivar Vik frå Novaform er kopla på. Viktig å halde soknerådet orientert.
4. Informasjon ang. prosess om utvida areal ved Bømlo kyrkje for utviding av parkeringsplassen.
 - a. Dialog med Kåre Johan Larsen
 - b. Nils Kåre Nysæter tek saken vidare med rådmannen.
5. Informasjon prosessen med anskaffing av nytt flygel i Bremnes kyrkje.
 - a. Sal av Cembalo. Vart sett opp som ein eigen sak i møtet 2020-01-10
6. Kommande endringar i utleigereglementet. Vert orientert om nokre endringar i utleigereglementet som kjem.

Det vart også orientert om at påmelding til fellesråds kurs i Aksdal no vert gjennomført.

2020-01-03 VAL TIL ADMINISTRASJONSUTVAL OG ARBEIDSMILJØUTVAL
Val til ADMU (Administrasjonsutvalet)
Fast medlem i tillegg til John Olav Habbestad: Kjersti Mæland og Elisabeth Bjørnevik

Vara: Trygve Totland, Heidi Vold Ådnanes og Camilla Rubach.

Val til AMU (Arbeidsmiljøutvalet):

Fast medlem: John Olav Habbestad

Vara: Elin Taranger

Val til Orgelkomiteen på Moster:

Fast medlem Elin Taranger

Vara: Camilla Rubach

2020-01-04 ANBODSDOKUMENT ORGEL I MOSTER KYRKJE

Vedtak:

1. Fellesrådet godkjenner dokumentet «Konkurransesgrunnlag»
2. Fellesrådet godkjenner dokumentet «Beskriving av oppdragsgivers behov»
3. Fellesrådet gir fullmakt til formann, kyrkjeverje og konsulent til små justeringar i dokumenta dersom det skulle dukke opp uklarheiter.

2020-01-05 DRIFTSBUDSJETT 2020

Det vart gjort ei kort orientering om dei ulike typar fonda (bundne og ubundne fond) og korleis den økonomiske situasjonen til fellesrådet er per i dag. Det vart vidare diskutert litt i forhold til vedlikehaldsbehova og utfordringa med å måle kyrkjer over noverande driftsbudsjett. Det vart også komme gode forslag til at ein må få på plass ein vedlikehaldsplan for kyrkjene. Og at det bør lagast ein mal som sokneråda kan bruke når det skal rapportere vedlikehaldsbehova sine til fellesrådet.

Vedtak:

1. Fellesrådet vedtek driftsbudsjettet for 2020 i balanse med bruk av ubundne fond.
2. Fellesrådet er inneforstått med eit underskot i 2020 på 472' før bruk av finansinntekter.
3. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek forslag på bruk av ubundne fond på 430' Resten (42') vert dekkja av renteinntekter.

2020-01-06 INVESTERINGSBUDSJETT 2020 – 2023

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner investeringsbudsjettet slik det føreligg.

Revidert budsjettforslag 2020 - 2023	2020	2021	2022	2023	Total ramme
Planlegging og oppgradering av Bømlo kyrkje	350				3500
Planlegging og utviding av Vorland kyrkjegard	3200	3450			7000
Utviding av Fagervoll	450	2000	2050		4500
Planlegging og bygging av nytt orgel i Moster kyrkje	1500		2000	650	4650
Planlegging av gravplassutviding på Moster			350	3250	4600
Utviding av parkeringsplass ved Bømlo kyrkje				1500	1500
Kyrkjelydshus /kyrkjestove knytt til Bremnes kyrkje				350	-
Sum	5 500	5 450	4 400	5 750	

2020-01-07 FØREBELS REKNESKAP 2019

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd tek førebels driftsrekneskap til vitande.
2. Dersom ein kjem ut med overskot på 2019 vert dette overført ubundne fond.

2020-01-08 REVIDERING AV GRAVPLASSVEDTEKTER

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner revidert gravplassvedtekter for 2020
2. Bømlo kyrkjelege fellesråd gir kyrkjeverje fullmakt til mindre justeringar før oversending til bispedømekontorete.

2020-01-09 FØRESPURNADSDOKUMENT KNYTT TIL UTVIDING AV VORLAND OG FAGERVOLL GRAVPLASS

1. Bømlo kyrkjeleg fellesråd godkjenner førespurnadsdokumentet slik det føreligg.
2. Bømlo kyrkjelege fellesråd ber kyrkjeverje innhente tilbod frå minimum 3 leverandørar for forprosjekta.

2020-01-10 SAL AV CEMBALO

Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek å selje cembaloen i Bremnes kyrkje og at fellesrådet sin del av salsinntekta vert delt mellom Bremnes kyrkje til nytt flygel og Moster kyrkje til nytt orgel.

Bremnes, den 17. januar 2020

John Olav Habbestad
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje